
Fra: Irene Wilhelmsen <irene.wilhelmsen@gmail.com>
Sendt: torsdag 28. mai 2020 13:10
Til: Postmottak Alver
Kopi: post@ngir.no; Stian Tvedt; wenchetvedt@hotmail.no; Wenche Tvedt
Emne: Søknad om å få endra matrikkelført bygning frå fritidsbustad til uthus på gbnr 25/2 i Alver kommune.
Vedlegg: El er kappa.jpg; uthus - oppbevaring 3.jpg; Forsikringspapir.jpg; Skråfoto 82-84.jpg; uthus - oppbevaring 2.jpg; uthus - oppbevaring 4.jpg; uthus - oppbevaring.jpg; uthus 2.jpg; uthus.jpg; uthus ute.jpg

Hei,

Ynskjer tilbakemelding med oppgitt saksnr. når sak er oppretta.
Saka gjeld gbnr 25/2, eigar Herleif Kåre Tvedt, Reikeråsvegen 140, 5913 Eikangervåg.

Gbnr 25/2 har fått brev frå NGIR om endring av renovasjonsgebyr (saknr 2020-25/2). Dette gjeld for eit uthus som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen.

Uthuset har ikkje vore nytta som fritidsbustad på over 20 år.
Huset hadde tidlegare eige gbnr, men gbnr vart flytta til ny lokasjon rundt 2006 for oppføring av ny bustad (gbnr 25/15 kor eg og sambuar bur i dag).
Då gbnr vart flytta, vart det gløymt å melde endringar i matrikkel frå fritidsbustad til uthus.
Bygningen står no som del av gbnr 25/2 og vert brukt til bod/redskapshus/oppbevaring.

Straum er fysisk kutta og linjeført kabel for straum er ikkje lenger knytt mot uthuset. Inntak der straumen kom inn er panelt over.
Vasstilførsel er og fysisk kutta frå bygget etter ein lekkasje i røyr då huset stod ubrukt.
Det er pr. i dag forsikra som uthus, utan straum og vatn.

Eigar ynskjer å gjere om matrikkel for dette bygget, slik at det vert gjort om frå fritidsbustad til uthus.

Legg ved bilete som syner bygget innvendig og utvendig i dag, samt eit arialfoto frå 80-talet der bygningen så vidt er med i eine hjørnet.
Håper dette lett let seg ordne.

Ha ein fin dag!

--

Mvh
for Herleif Kåre Tvedt
Irene N. Wilhelmsen

Grovavegen 71,
5913 EIKANGERVÅG
Mob: 994 66 658
e-post: irene.wilhelmsen@gmail.com